



Rolv Eide AS
Postboks 325
5343 STRAUME

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/4644 - 22/67932

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
08.09.2022

Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 212/150 Eikanger øvre

Tiltak: 2 lagerbygg
Byggjestad: Gbnr: 212/150
Tiltakshavar: Nnp Parsell 17 AS
Ansvarleg søkjar: Rolv Eide AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om ferdigattest for lagerhall A og B på gbnr 212/150 den 30.08.2022.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande:

1. Stadfesting på at dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert eigar.
2. Dokumentasjon på at kravet til ferdigmelding for vatn og avløp for bygg B ligg føre. Vi kan ikkje sjå at ferdigmelding er send inn til kommunen.

Når det gjeld vilkår om ferdigstilling av gang- og sykkelvegen, er søknad om mellombels bruksløyve for denne mottatt og vert behandla i eiga sak, jf. arkivsak 22/1610.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn snarast og seinast innan **30.09.2022**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til behandling ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Nnp Parsell 17 AS

Sandviksbodene 5

5035

BERGEN

Mottakarar:

Rolv Eide AS

Postboks 325

5343

STRAUME